



Så Som Jag Älskar Bilderna Av Dig
The Way That I Love The Pictures Of You

BFA in Medium- and Material Based Art
By Laura Liib

2019

Digital print on stoneware, gold, iron and audio (80 min)

2,45 x 2,40 x 2,30 m

Each ceramic tile 9 x 14 cm

There are four chairs surrounding the ceramic installation with ear-phones playing an identical audio track. It consists of individual conversations between the artist and her mother and two sisters. There is also a part where the artist shares her own thoughts.

Liib received the FKDS scholarship for this graduation project.

Song in video: Deja Vu; Written by Tõnis Mägi; Performed by Tõnis Mägi and Kärt Johanson

www.lauraliib.com

Cover photo: Øystein Jensen



Innhold

- I. Styrets melding**
Report from the Board
- II. Introduksjon til verksemda med hovudtal**
Introduction to the Organisation and Main Numerical Data
- III. Årets aktivitetar og resultat hovudtal**
- IV. Styring og kontroll av verksemda**
- V. Vurdering av framtidsutsikter**
- VI. Årsrekneskap 2019**
- VII. Appendiks**
Appendix

Samfunnsoppdraget	Kunsthøgskolen i Oslo skal utdanne utøvande og skapande kunstnarar og designarar, drive kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning på høgt internasjonalt nivå og formidle kunnskap om Kunsthøgskolens aktivitetar, verksemd og verdier.
Visjonen	Kunsthøgskolen i Oslo skal vere leiande innanfor utdanning av skapande og utøvande kunstnarar og designarar. Kunsthøgskolen skal både vere ein arena for nytenking og forvaltning av fagtradisjonar, og bidra til framtidig kunnskaps- og samfunnsutvikling. Internasjonalt samarbeid skal vere ein føresetnad for kvalitet både i utdanninga og i forskinga.
Kunsthøgskolens etos	Kunsthøgskolen i Oslo skal pregast av god samhandling, og vi skal gjere kvarandre betre. Vi skal utvikle gode transparente prosessar for kunnskapsbaserte avgjerder og prioriteringar. Kunsthøgskolen i Oslo skal leggje til rette for at profesjonelle oppfatningar og meiningar kan brytast mot kvarandre i eit stimulerande og konstruktivt samspel. På Kunsthøgskolen i Oslo verdset vi ulikskap, kritisk sans, ansvar og gjensidig respekt.

Our Social Mission	The Oslo National Academy of the Arts provides education and training for visual and performing artists and designers, conducts artistic research at the highest international level, and disseminates knowledge about the Academy's activities, operations and values.
The Vision	The Oslo National Academy of the Arts strives to maintain a leading position in the education of creative and performing artists and designers. The Academy is intended both as an arena for innovation within academic traditions, and as a future-oriented contributor to knowledge and social development. International cooperation is a prerequisite for quality, both in education and in research.
The Academy's Ethos	The Oslo National Academy of the Arts strives for constructive interactions which allow us to help each other develop and to better ourselves. We seek to develop transparent processes for knowledge-based decision-making and prioritisation. We aim to enable professional knowledge and ideas to collide in productive and stimulating ways. We value diversity, critical awareness, responsibility and mutual respect.

I

Styrets melding

Report from the Board

Styrets melding

2019

Kunsthøgskolen i Oslo fekk nytt styre i august 2019, og samtidig vart Måns Wrangé vald som ny rektor og Anne-Linn Akselsen som ny prorektor. Styret er generelt tilfreds med resultatene av arbeidet gjennom året og peiker på nokre resultatområde, milestolpar og utfordringar i 2019 – og på veg inn i eit nytt tiår.

Attraktiv, mangfaldig studiestad

Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO) er ein attraktiv studiestad med gode søkjartal og motiverte studentar, som fullfører utdanningane på normert tid. Studentane rapporterer at dei er fornøgde med studietilbodet, undervisninga og rettleiinga, men at dei treng gode sosiale møteplassar på tvers av fagområda. Over 570 studentar frå 43 ulike nasjonar utgjer sentrum i det nokså mangfaldige skolesamfunnet vårt. Ved oppstarten hausten 2019 utgjorde andelen utanlandske studentar 35 % av dei nye studentane. 218 studentar fullførte sin grad i 2019, noko som er det høgaste talet nokon gong ved KHiO. Vi tilbyr 22 studieprogram på bachelor-, master- og doktorgradsnivå.

Studentane markerer seg ute

I 2019 markerte mange av studentane våre seg på topp i konkurransar, vann prisar, viste seg på viktige utstillingsarenaer og scener og fekk merksemd og omtale. Her nemner vi eit lite utval:

«Gull i Grasse – igjen! Det ble suksess også i år for studentene i klassisk ballett i Grasse», stod det på heimesida vår i desember. På Høstutstillingen i september deltok seks av dei noverande og nyleg uteksaminerte studentane, og ein av dei vann grafikkprisen på utstillinga. Årets studentpris frå Statsbygg gjekk til ein avgangstudent i master design. Ein førsteårs masterstudent i medium og materialbasert kunst vann pris på Cairo Biennale. Masterstudentane ved avdeling kunst og handverk opna kunsten for eit større publikum og samarbeidde med Norges Blindforbund i avgangsutstillinga si.

Kunststudentane skal ut i ein arbeidsmarknad som er prega av sterk konkurranse, stor grad av frilans-verksemd og sjølvstendig næringsverksemd. Tett samarbeid med aktive og tidsrelevante kunstnarar er derfor svært viktig for oss. At studentar vann internasjonale og nasjonale konkurransar og prisar, er viktige indikatorar både på kvaliteten i rekrutteringa og utdanninga vår, men også på om vi har nødvendig relevans for samfunnet, arbeidsmarknaden og oppdragsgivarar.

Noregs første ph.d. i kunstnarisk utviklingsarbeid (Artistic Research)

I januar 2019 fekk Noreg sin første ph.d. i kunstnarisk utviklingsarbeid. Det skjedde på KHiO. Merete Røstad fullførte sin ph.d., «The Participatory Monument – Remembrance and Forgetting as Art Practice in Public Sphere». Ytterlegare fem kandidatar fullførte sin ph.d.-grad i 2019. Ein viktig strategisk milestolpe blei dermed nådd i 2019.

I desember tok høgskolelektor i pedagogikk ved KHiO, Heidi Haraldsen, sin ph.d. ved Noregs idrettshøgskole med tittelen «Thriving, Striving or Just Surviving?» om kostnadene ved resultatjag og perfektjonisme for unge talent som satsar mot toppen innanfor kunstfag og idrett.

Vi er ikkje berre opptekne av å «vinne prisar», men også av at prisen for å vere i toppen kan vere høg.

Kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning

Fagområdet kunst ved KHiO omfattar design, opera, teater, dans, kunst og handverk og biletkunst. Vi er eierådande og har eit nasjonalt ansvar for metall- og smykkekunst, kunst i offentlege rom, klassisk ballett, jazzdans, koreografi, scenetekst, regi, kostymedesign og opera.

Kunsthøgskolen har ansvar for tre større prosjekt innan kunstnarisk utviklingsarbeid delfinansert med støtte frå Diku, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning. Utover større eksternt finansierte prosjekt gjennomfører KHiOs fagtilsette kvart år ei lang rekke prosjekt innan kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning. Dei fagtilsette er svært aktive innan sine fagfelt og inngår i faglege nettverk som er relevante for studietilboda på dei ulike nivåa. Fagavdelingane har ulike faglege delingsarenaer i tett samarbeid med sine ulike fagmiljø. I tillegg gjennomfører KHiO årleg ei kunstnarisk forskingsveke.

Utdanning

Kvalitetsforbetringar i UH-sektoren er høgt prioriterte på den politiske agendaen, og Kunsthøgskolen har arbeidd systematisk med eiga kvalitetsutvikling. Av kvalitetsrapportane for 2019 ser vi at studieporteføljen i stor grad er prega av tett fagleg oppfølging og held høg kvalitet frå rekruttering til uteksaminering. Vi har eit aktivt forhold til studieplanane og reviderer dei jamleg. I arbeidet med studieplanane har vi særleg vore opptekne av å gjere læringsmål, innhald og vurderingskriterium tydelege og å få samsvar mellom studieplan og det daglege utdanningsløpet. Det blir gjennomført årleg eigenevaluering av kvart enkelt program. Vi ser også at det står att arbeid med å få på plass eit system for merittering av framragande undervisnarar og eit system for periodisk evaluering av studieprogram. Vi må også vidareutvikle systemet for vurdering av KUF-arbeidet. Dette arbeidet er sett i gang i 2020.

Formidling

Kunsthøgskolen er ein av Noregs viktigaste arenaer for visning av og diskusjon om kunst og samfunn. Ei mengd framsyningar, utstillingar, offentlege foredrag og debattar blir arrangerte her og gjer oss til ein dominerande institusjon for forskning og utdanning innanfor kunst. Kunstnarisk forskingsveke blei gjennomført for tredje gong, med positive tilbakemeldingar frå både eksterne og interne deltakarar. Omtrent femti fagtilsette og stipendiatar frå Kunsthøgskolen og gjester frå inn- og utland deltok med offentlege presentasjonar, seminar, workshops, filmvisningar, konsertar, framsyningar og utstillingar i løpet av fire godt besøkte dagar.

Varslingsrutinar

Skolen gjorde seg krevjande erfaringar i 2018 med varsel om seksuell trakassering. 2019 har dreidd seg om å ferdigstille konkrete saker, utvikle system for handtering av saker og ikkje minst å sikre at studentar og tilsette er godt kjende med korleis det kan seiast frå om kritikkverdige forhold. Undersøkingar i 2019 viser at KHiOs tilsette og studentar er blant dei med høgast kjennskap til kva varslingsrutinar institusjonen har på området. KHiO hadde ingen varsel om seksuell trakassering i 2019.

På veg inn i eit nytt tiår

Kunsthøgskolen i Oslo blei etablert i 1996 og samla seg på Grünerløkka i 2010. Ser vi tilbake på det siste tiåret, har det å byggje organisasjonen, etablere nye mastergradar og etter kvart også ph.d.-graden, å bli vitskapleg høgskole og å styrkje både undervisning, forskning og formidling vore høgt prioritert. I same tiår har forventningane til kvalitet i høgare utdanning auka, strukturendringar har forandra institusjonslandskapet, og konkurransen om studentane har auka. Ved inngangen til 20-åra er Kunsthøgskolen i Oslo no den einaste sjølvstendige statlege vitskaplege kunsthøgskolen i Noreg. I det komande tiåret kjem nokre tema og utfordringar til å prege verksemda vår.

Det grøne skiftet

20-åra kjem i stor grad til å handle om å bidra til det grøne skiftet, både gjennom faga våre og i drifta av verksemda. Det må setjast mål og peikast ut ei retning for arbeidet.

Mangfald

Det er eit mål å rekruttere studentar og tilsette med eit mangfald av erfaringar og kompetanse. I dag har høgare utdanningsprogram retningslinjer for likestilling, mangfald og likebehandling. Men ofte vert emnet handsama som statistikk, når det i realiteten bør være eit perspektiv som gjennomsyrrer heile verksemda. I 2020 vert det sett i gong eit langsiktig strategisk arbeid med konkrete handlingsplanar for alt frå rekruttering til utdanningas undervisningsmetodar og innhald.

Internasjonalt samarbeid

Kunsthøgskolen har eit samarbeid med nokre av dei mest interessante kunsthøgskolane i Europa og Nord-Amerika. Neste år utvidar Kunsthøgskolen nettverket sitt til Afrika, Sør-Amerika og Asia, der vi alt har eit samarbeid med Japan.

Samarbeid med andre institusjonar

Samarbeid med andre institusjonar både fagleg og administrativt blir stadig viktigare for ein liten høgskole som vår. Kunsthøgskolen har eit breitt samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar i Noreg for utstillingar, framsyningar, felleskonferansar og foredrag o.a.

I 2019 formaliserte vi eit samarbeid med andre høgskolar i Oslo-området om felles studentombod og personvernombod, og dette samarbeidet legg vi vinn på å utdjupe på andre område.

Framtidige kunnskaps- og kompetansebehov handlar ikkje berre om tradisjonelle vitskaplege fag, men også om kreative fag og kreative løysingar på nye utfordringar. I 20-åra blir nye samarbeidsflater med andre fag enn kunstfaga viktige for å bidra til utvikling av problemløysingsteknikkar og metodar.

Økonomisk situasjon og kapasitetsutfordringar

Å utvikle seg så raskt i løpet av kort tid skaper nokre utfordringar med å få kart og terreng til å passe saman.

Arealmangel er og kjem til å vere ei vesentleg utfordring. Dei spesialtilpassa lokala våre er flotte, men utforma på ei tid med færre studentar, andre undervisningsformer og til dels andre behov. Arbeidsplassar for tilsette er òg under betydeleg press. Bygningsstrukturen er lite fleksibel og kostbar å endre. I 2019 blei det gjennomført eit partssamansett arealprosjekt som skal danne grunnlag for strakstiltak og for ein campusutviklingsplan for høgskolen i notida og framtida. Styret vil vurdere framtidig arealbruk og økonomisk handlingsrom.

Tidsmangel er ei anna utfordring. Det er vanskeleg å finne tid nok til å rettleie master- og ph.d.-studentar og tid nok til eiga forskning. For å halde på og stadfeste vår posisjon som leiande fagmiljø må det finnast betre løysingar på korleis vi bruker tida til dei tilsette. Eit prosjekt med revidering av retningslinjer for arbeidsplanar blir sett i gang i 2020.

Ressursknappheit kjem i hovudsak av ABE-reforma, som samla sett har ført til ein direkte reduksjon i løyvingane på over 11 millionar kroner. Sidan husleige og lønn utgjer størsteparten av kostnadene våre, treffer rammekutta det faglege tilbodet og går ut over administrativ evne til å få til utvikling.

Eit anna viktig forhold er manglande finansiering av stipendiatstillingane, som jamstiller oss med andre universitet og høgskolar. Det reknar styret med er eit overgangsfenomen.

Vidare har vi utfordringar med reinvestering i verkstader og scener. Styret ser positivt på at det er løyvd fem millionar kroner ekstra til utstyr i 2020, men viser til søknad utanfor ramma som dokumenterer eit vesentleg meir-behov.

Styret er tilfreds med at Kunsthøgskolen i 2019 har oppnådd eit positivt årsresultat.

Oslo, 10. mars 2020




Måns Wrangé
rektor/styroleiar



Tiril Schrøder
fagleg representant



Heidi Haraldsen
fagleg representant



Christina Lindgren
vara fagleg representant



Trond Kasper Mikkelsen
teknisk-administrativ repr.



Guðmundur Helgi Arnarson
studentrepresentant



Lea Basch Opheim
studentrepresentant



Morten Gjelten
ekstern representant



Gunn Elin Bjørneboe
ekstern representant



Anna Lindal
ekstern representant



Per Magnus Finnanger Sandsmark
ekstern representant

Report from the Board

2019

A new board for the Oslo National Academy of the Arts was constituted in August 2019, at the same time as a new rector, Måns Wrangé, and new prorector, Anne-Linn Akselsen, were elected. The board is generally satisfied with the results of this year's work and highlights certain areas, milestones and challenges in 2019, on the cusp of a new decade.

An attractive, diverse institution of higher learning

The Oslo National Academy of the Arts (KHiO) is an attractive institution of higher learning with good application figures and motivated students who complete their studies on time. The students report that they are happy with the programmes, teaching and supervisory work at KHiO, but that there is a need for good meeting spots across the various disciplines. A total of 570 students from 43 different nations are the core of our fairly diverse academic community. At the beginning of the academic year in autumn 2019, foreign students represented 35 per cent of the new students. In total, 218 students completed their degree in 2019, the highest number ever registered at KHiO. We offer 22 programmes at the Bachelor's, Master's and PhD levels.

KHiO students doing well abroad

In 2019 many of our students performed at the highest level in competitions, won prizes, were on display in important exhibition venues and on prestigious stages, and received attention and press coverage. A brief selection is presented here.

“Gold in Grasse – again! It was another successful performance this year in Grasse for the students of classical ballet,” our homepage announced in December. In September, six of our current and recently graduated students participated in the traditional Autumn Exhibition, which is open to all artists in Norway, and one of them won the exhibition's prize for graphic art. This year's student prize from Statsbygg (the Norwegian Directorate of Public Construction and Property) was awarded to a graduating student from the Master's programme for design. A first-year Master's student in medium- and material-based art won a prize at the Cairo Biennale. For their graduation exhibition, the Master's students at the Art and Craft department exposed their works to a wider audience by collaborating with the Norwegian Association of the Blind and Partially Sighted.

The art students must enter a highly competitive labour market, where freelance work and self-employment are common. A close cooperation with active and currently relevant artists is therefore very important for us. That students win international and national competitions and prizes is an important indicator not only of the quality of our recruitment and teaching, but also of whether we have the necessary relevance for society, the labour market and employers.

Norway's first PhD in artistic research

In January 2019, the very first doctoral dissertation in artistic research in Norway was completed. This happened at KHiO, with Merete Røstad presenting her PhD “The Participatory Monument: Remembrance and Forgetting as Art Practice in the Public Sphere”. Another five candidates completed their PhD degree in 2019. An important strategic milestone was thereby achieved in 2019.

In December, Heidi Haraldsen, an associate professor in education/pedagogy at KHiO, took her PhD at the Norwegian School of Sport Sciences with a dissertation titled “Thriving, Striving or Just Surviving?”. The dissertation analysed how performance pressure and perfectionism affected young talents within the arts and sports whose goal is to reach the top of their field.

Our focus is on not only “winning prizes” but also on how the cost of being at the top may be high.

Artistic research

The discipline of art at KHiO includes design, opera, theatre, dance, art and craft, and fine art. We are the only institution of higher learning in Norway to offer programmes in metal and jewellery art, public art, classical ballet, jazz dance, choreography, stage writing, directing, costume design and opera, and we have a national responsibility in these areas.

KHiO is responsible for three larger projects related to artistic research, partly financed with support from Diku, Norwegian Agency for International Cooperation and Quality Enhancement in Higher Education. Besides larger externally financed projects, KHiO's academic employees each year realises several projects related to artistic research and academic work. Academic employees are active in their specific fields and is part of networks within their areas of expertise relevant for study programmes on different levels. The departments are engaged on several arenas and forums for collaborating with their different areas of academic work. In addition to this, KHiO each year implements a week focusing specifically on artistic research.

Teaching

Improving the quality of the higher education sector is a political priority in Norway, and KHiO has worked systematically on raising its own quality. From the quality reports for 2019, we see that the various programmes are largely characterised by close academic guidance and maintain a high level of quality from recruitment to graduation. We keep an active eye on the curricula, revising them on an ongoing basis. The primary focus in the work on the curricula has been to clarify their learning outcomes, content and assessment criteria and to make sure they reflect the daily reality of the education at the school. Each individual programme is assessed annually. We also see that work remains to be done to implement a system for evalu-

ating and awarding especially esteemed educators and lecturers based on scientific merits. We also have to establish a system for periodically assessing our programmes and that we must continue to develop our system for assessing artistic research. This work was instigated in 2020.

Popularisation

KHiO is one of Norway's premier venues for exhibiting and discussing art and society. Many performances, exhibitions, public lectures and debates are organised here and make us the premier institution for art research and education in Norway. The third edition of the Artistic Research Week was held in 2019, with positive feedback from both external and internal participants. Around fifty academic staff and research fellows from KHiO, as well as guests from Norway and abroad, participated in public presentations, seminars, workshops, film screenings, concerts, performances and exhibitions during four well-visited days.

Whistle-blowing procedures

The Academy experienced a difficult time in 2018 following reports of sexual harassment. 2019 has been about finalising the processing of specific cases, developing systems for how to process cases, and not least ensuring that students and staff are familiar with how to report instances of wrongdoing. Surveys conducted in 2019 show that within the higher education sector, KHiO's staff and students are among those who are most familiar with their institution's whistle-blowing procedures. KHiO received no reports from whistle-blowers about sexual harassment in 2019.

Into a new decade

The Oslo National Academy of the Arts was founded in 1996 as a merger between five national art academies that subsequently agglomerated in the Grünerløkka district in 2010. Looking back at the last decade, areas of high priority included building the organisation, establishing new Master's programmes and subsequently also the PhD programme, becoming accredited as a specialised university institution (*vitenskapelig høyskole*) and strengthening the areas of teaching, research and popularisation. During this same decade, the expectations to quality in higher education have risen, structural changes have transformed the institutional landscape, and competition for students has increased. At the dawn of the 2020s, the Oslo National Academy of the Arts is now the only independent specialised university institution in the arts in Norway. Over the decade to come, certain themes and challenges will inform our activities.

The green shift

The 2020s will largely be about contributing to the so-called green shift (*det grønne skiftet*, that is the realignment in Norwegian public policy towards greener and more eco-friendly alternatives), both in our academic disciplines and in the running of the school itself. Goals must be set, and a direction for the work must be outlined.

Diversity

Recruiting students and employees with a diverse range of experiences and skills is something KHiO is working towards achieving. Programs for higher learning have guidelines aimed at achieving equality and diversity. This, however, is often reduced to statistics, when in reality, it is something which should permeate the perspective and thinking of the entire institution. In 2020, a strategic, long-term work was set in motion with specific plans for recruitment, lecture methods and content in this respect.

International cooperation

KHiO has a cooperation with some of the most interesting academies in Europe and North America. Next year, KHiO will expand its network to include Africa, South America and Asia, where we already have a cooperation with Japan.

Cooperation with other institutions

Cooperation with other institutions, both academically and administratively, will become ever more important for a small academy such as ours. KHiO cooperates broadly with art and culture institutions in Norway to organise exhibitions, performances, joint conferences, lectures, etc.

In 2019 we formalised a cooperation with other academies and colleges in the Oslo area concerning a joint student ombudsman and a privacy ombudsman, and we are striving to expand this cooperation to include further areas.

In the future, the need for knowledge and skills will not just be a matter of traditional university disciplines, but also be about creative disciplines and finding creative solutions to new challenges. In the 2020s, new forms of cooperation with other disciplines than the arts will be instrumental in developing problem-solving techniques and methods.

Financial situation and capacity challenges

Developing so quickly over such a brief span of time creates a few challenges in getting theoretical plans to match the reality on the ground.

A dearth of space is and will continue to be a major challenge. Our specially adapted premises are superb, but they were designed during an era with fewer students, other modes of teaching and somewhat different needs. The staff's workspace is also under pressure. The building structure is fairly inflexible and would be expensive to remodel. In 2019 a building layout assessment project was carried out by a panel of KHiO's leadership and staff. This project will serve as the basis for emergency measures and for developing a campus plan for both the current and future school. The board will evaluate how the campus area is to be utilized effectively in the future, and the economic framework for this work.

A scarcity of time is another challenge. It is hard for the academic staff to find enough time to supervise Master's and PhD students and to do their own research. In order to maintain and confirm our position as a leading academic community, better solutions must be found for how we use the staff's time. A project that will revise the guidelines for work plans will be launched in 2020.

A scarcity of resources is largely down to the ABE reform (Avbyråkrattiserings- og effektiviseringsreformen), a governmental reform to reduce bureaucracy and increase efficiency, which in total has led to a direct reduction in public funding by over NOK 11 million (€ 1.1 million). Since rent and salary represent the lion's share of our expenses, these budget cuts affect our academic programme and our administrative ability to stimulate development. Another noteworthy aspect is the lack of financing for the research fellow positions, which is also experienced by other universities and academies. The board assumes this is a passing phenomenon.

Further, we have challenges with reinvesting in workshops and stages. The board looks positively at the allocation of an additional NOK 5 million (€480,000) for equipment in 2020, but refers to the supplementary application, which documents a sizeable additional need.

The board is satisfied that KHiO had a net profit in 2019.

II

Introduksjon til verksemda med hovudtal

Introduction to the Organisation and Main Numerical Data



Nøkkeltal for verksemda

Studentar

571



Dans	90	Kunstakademiet	104
Design	163	Operahøgskolen	21
Kunst og handverk	147	Teaterhøgskolen	46

Kjønnsfordeling studentar



68,7 % kvinner **31,3 %** menn

Uteksaminerte studentar


218

Utanlandske studentar



Bygningsmasse

43 000 m²



Studieprogram

22

Årsverk



Faglege årsverk	99
Tekniske og administrative årsverk	103

Studentar per lærar

5,8



Gjestelærarar

rundt 900

Statsløyving

359,5 mill. kr

Driftskostnader

38,6 %


Lokale: Husleige, drifts-
avtale og energi
142 938 000 kr

2,3 %

Avskrivningar
8 434 000 kr

10,1 %

Andre driftskostnader
37 651 000 kr



0,4 %

Varekostnader
1 345 000 kr

48,5 %

Lønskostnader
179 744 000 kr

Visjon

Kunsthøgskolen i Oslo skal utdanne utøvande og skapande kunstnarar og designarar, drive kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning på høgt internasjonalt nivå og formidle kunnskap om KHiOs aktivitetar, verksemd og verdier. Målet er å vere leiande innanfor utdanning av skapande og utøvande kunstnarar og designarar. KHiO skal både vere ein arena for nytenking og forvaltning av fagtradisjonar, og bidra til framtidig kunnskaps- og samfunnsutvikling. Internasjonalt samarbeid skal vere ein føresetnad for kvalitet både i utdanninga og i forskinga.

Utdanning

Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO) er landets største statlege utdanningsinstitusjon for kunstnarar og designarar. KHiO er ein sterkt spesialisert institusjon som tilbyr utdanningar på bachelor- og masternivå innanfor fagfelte biletkunst, kunst og handverk, design, dans, teater og opera.

KHiO er akkreditert som vitenskapleg høgskole med eit eige ph.d.-program i kunstnarisk utviklingsarbeid.

I studieåret 2019-2020 var det 571 studentar ved KHiO. 200 studentar fullførte års-, bachelor- og masterstudiar og 18 fullførte utdanning i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). 6 fullførte doktorgradstudium.

- Kunstakademiet tilbyr utdanning i biletkunst.
- Kunst og handverk tilbyr utdanning innan fagområda tekstil, grafikk og teikning, keramikk, kunst og offentlege rom, samt metall og smykke-kunst.
- Design tilbyr utdanning i grafisk design, illustrasjon, klesdesign, kostymedesign, interiørarkitektur og møbeldesign.
- Dans tilbyr utdanning i klassisk ballett, samtidsdans og jazzdans, koreografi og dans i tillegg til PPU i dans og teater.
- Teaterhøgskolen tilbyr utdanning i skodespelarfag og regi og teater med mogleg fordjuping i skodespelarfag, regi, scenetekst, dramaturgi og scenografi.
- Operahøgskolen tilbyr utdanning for operasongarar med stor vekt på sceniske produksjonar. Utdanninga skjer i samarbeid med Noregs musikkhøgskole og Den Norske Opera & Ballett.

Organisasjon

Kunsthøgskolen har om lag 100 fagleg tilsette. Desse er hovudsakleg i åremålsstillingar for ein periode på seks år. I tillegg tilfører årleg rundt 900 gjestelærarar spisskompetanse til ulike delar av undervisninga.

Av dei om lag 100 administrativt tilsette har mange sitt daglege arbeid ved scener og verkstader. Personalet er ofte kunstnarleg utdanna. Dei legg til rette for undervisninga og studentanes sjølvstendige arbeid. I tillegg finst viktige interne funksjonar med fast tilsette for drift og reinhald av den store bygningsmassen.


Kunsthøgskolen i Oslo er ein vitskapeleg høgskole og eit statleg forvaltingsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet. Institusjonen har eit styre med valt rektor som styreleiar og delt leiing mellom rektor og direktør, jf. UH-lovas § 10. Styret har fire eksterne representantar, fire valt av dei tilsette og to valt av studentane. Den faglege verksemda er organisert i seks avdelingar med tilsette dekanar og til støtte for den faglege verksemda finst ein fellesadministrasjon med fire seksjonar med tilsette seksjonssjefar. Høgskolen har fleire interne utval.

Måns Wrangé er rektor, valt for perioden 2019—2023 med Anne Linn Akselsen som prorektor. Dei avløyste Jørn Mortensen som rektor og Merete Lingjærde som prorektor.

Annemarie Bechmann Hansen er direktør, tilsett i åremål for perioden 2016—2022.

Styret vedtok å halde fram med ei ordning med valt rektor og tilsett direktør. Den nye rektoratsperioden er i fire år frå 1. august 2019. Frå same tidspunkt oppnemnde Kunnskapsdepartementet nye representantar til styret for komande fireårsperiode og det vart valt nye representantar til styret for tilsette og studentar. Studentane sine representantar står på val kvart år i samband med semesterstart.

Organisasjonskart



Lokale og fasilitetar

KHiO held til ved Akerselva på Grünerløkka i Oslo. Her leiger høgskolen 43.000 m² brutto i den ombygde Christiania Seilduksfabrikk som nå er tilhaldsstad for studentar, fagpersonale og administrasjon.

Undervisninga er både teoretisk og praktisk retta. Ein svært viktig del av studentanes utdanning til profesjonelle kunstnarar er å utvikle og prøve ut kunsten i møte med publikum. Som støtte til dette har KHiO eit unikt tilbod med scener, prøvesalar, galleri, atelierplassar, verkstader og bibliotek.

Til støtte for scenekunstutdanninga finst ni scener av ulik storleik og funksjon. Hovudscenen har orkestergrav og seteplass for 200 personar, og dei andre scenene varierer i storleik med mellom 50 og 150 publikumsplassar.

Avdelingane for dans, opera og teater har prøverom, spesialverkstader og fagfolk for produksjon av scenografi (metall, tre, målarisal og rekvisittar), lyd, lys og kostymer.

Til støtte for den visuelle kunst- og designutdanninga finst verkstader, atelierplassar og større og mindre gallerirom. Verkstader, spesialutstyr og prosjekttrom er sentrale for undervisning og forskning for desse fagområda:

- Tekstil med vev, stofftrykk, saum og strikk
- Analog og digitale mediar med film, fotostudio, black box, printshop og dForm, samt utstyrlager
- Tre med grovverkstad og modell og prototype, og CNC (høypresisjons skjære- og slipemaskiner)
- Grafikk med publisering (bokbinderi, boktrykk, risograf, blyants), silkestrykk, litografi/høgtrykk og djuptrykk
- Metall med gullsmedarbeidsplassar, smie og sveiserom og verkstader for plaststøyp og metallstøyp
- Keramikk og form
- Rom og lys med romlaboratorium, black box, prosjekttorg og byggetorg

Kunsthøgskolens bibliotek er landets største kunstfaglege høgskolebibliotek og formidlar relevant litteratur, film og musikk — fysisk og digitalt — til høgskolens studentar og tilsette. Biblioteket er også ope for eksterne brukarar.

KHiO eig Atelierhuset i Arcueil, ein liten kommune sør for Paris. Huset er ope for kortare studie- og arbeidsopphald for studentar og personale ved KHiO.

Key numbers for the organisation

Students

571



Academy of Dance	90	Academy of Fine Art	104
Design	163	Academy of Opera	21
Art and Craft	147	Academy of Theatre	46

Gender distribution students



68,7 % women 31,3 % men

Graduated students


218

Foreign students



Campus

43 000 m²



Study programmes

22

Staff



Staff members	99
Technical and administrative staff members	103

Students per teacher

5,8



Guest teachers

about 900

State subsidies

359,5 mill. NOK

Operating expenses



Education

Oslo National Academy of the Arts (KHiO) provides education and training for designers and visual and performing artists. It conducts artistic research at the highest international level, and disseminates knowledge about its activities, operations, and values. The goal is to be a leading institution in the field of education for designers, visual artists, and performing artists. KHiO is intended to be both an arena for innovation within academic traditions, and a future-oriented contributor to knowledge and social development. International cooperation is a prerequisite for quality, both in education and in research.

KHiO is Norway's largest national educational institution for artists and designers. Highly specialized, it provides education at the bachelor and master level in the fields of fine art, art and craft, design, dance, theatre, and opera.

In 2018, KHiO gained accreditation as a specialized university institution with its own PhD programme in artistic research.

In the academic year 2019–2020, KHiO had 571 students. Of these, 200 completed either a one-year, bachelor, or master study programme, and 18 completed practical pedagogical training. 6 PhD candidates defended their thesis.

- The Academy of Fine Art offers education in visual art.
- Art and Craft offers education in the fields of textiles, fine art printing and drawing, ceramics, art and public space, and metal and jewellery art.
- Design offers education in graphic design, illustration, clothing design (fashion), costume design, and interior architecture and furniture design.
- The Academy of Dance offers education in classical ballet, contemporary and jazz dance, choreography and dance, and practical pedagogical training in dance and theatre.
- The Academy of Theatre offers education in acting, directing and theatre, with the possibility to specialize in acting, directing, stage text, dramaturgy, and scenography.
- The Academy of Opera offers education for opera singers, with emphasis on staged productions. Instruction is provided through collaboration with the Norwegian Academy of Music and The Norwegian Opera and Ballet.

Organisation

KHiO has about 100 professional staff members (teachers), most of whom have a six-year contract. In addition, there are, every year, about 900 guest teachers who contribute to various parts of the education on offer.


Of the approximately 100 administrative and technical staff members, 30 work on a daily basis in workshops and stages. These personnel often hold degrees in art. They facilitate the teaching and the students' independent work. In addition, there are important internal functions relating to running, maintaining and cleaning the large building complex. About 50 administrative staff members work with study programmes, research and communication / mediation.

KHiO is a specialized university institution and a national administrative body with special empowerment subject to the Ministry of Education and Research. It has a board of directors with an elected rector who is the chair. The board meetings are jointly led by the rector and the director (see UH-lov § 10). The board consists of four external representatives, five representatives chosen by the school's staff, and two representatives chosen by the student body. The subject areas which the school offers instruction in, are organized into six departments / academies, each with a dean. To support the study programmes in the subject areas, there is a joint administration that is divided into four sections, each with its own section leader. KHiO also has several internal committees.

Måns Wrangé is rector and Anne Linn Akselsen is prorector, both are elected for the period 2019–2023. Annemarie Bechmann Hansen is director, appointed on contract for the period 2016–2022.

The board chose to continue the arrangement whereby the rector is elected and the director is appointed. The new rectorate period began at the start of the fall semester in 2019. A new board of directors was also elected.

Organisation chart



A new organizational structure for administrative support functions was adopted, effective as of August 2018. These functions are now organized into four sections: (i) Section for Corporate Governance, (ii) -Section for Technical Production, (iii) Section for Studies, Research and Knowledge Transfer, and (iv) -Section for Service, User Support and Infrastructure.

Premises and facilities

KHiO is located alongside the river Akerselva, in Oslo's Grünerløkka neighbourhood. It rents 43,000 m² of space in the renovated factory Christiania Seilduksfabrikk. The old building is thus the 'second home' for students, professional staff, and administrative personnel.

The teaching is both theoretically and practically oriented. A very important part of the students' training to become professional artists is to develop and test their art through encounters with the public. To this end, KHiO offers a unique assortment of theatre stages, rehearsal rooms, an art gallery, artist studios, technical workshops, and a library. To support the study programmes in the performing arts, there are nine theatres. The main theatre has an orchestra pit and seating for 200. The others vary in size and can seat 50 to 150 people.

The academies for dance, opera, and theatre have rehearsal rooms, specialized workshops, and professional staff for the production of scenography (metal, wood, painting room, and props), sound, light, and costumes.

To support the teaching in visual art and design, there are workshops, studios, and larger and smaller gallery spaces. The workshops and specialized equipment are for the following subject areas:

- Textiles, with weaving, screen printing, sewing, and knitting
- Analogue and digital media, including film, a photo studio, black box, print shop and dForm, plus equipment storage space
- Wood, with a carpentry workshop for rough and/or large projects, building models and prototypes; a CNC (Computer Numerical Control) workshop (high-precision machines for cutting and polishing)
- Printing, with publishing equipment (bookbinding, book press, Risograph, lead type), screen printing, lithography, relief printing, and intaglio
- Metal, with work-stations for goldsmithing, a smithy and welding room, and workshops for casting in plastic and metal
- Ceramics and form
- Space and light, with a space lab, black box, project- and building space

KHiO's library is Norway's largest art-school library, offering relevant literature, films, and music – physical and digital – for the benefit of students and staff. The library is also accessible to external users.

KHiO owns the studio house Atelierhuset, in Arcueil, a small municipality south of Paris. The house is available to KHiO students and staff who want to use it for relatively short periods of study and studio work.



Kunsthøgskolen i Oslo har mange gallerirom til visningar av studentarbeid, og heile 9 profesjonelt utstyrte scener til visning av scenekunst. Høgskolen har og nokre av Europas mest avanserte verkstader.

KHiO has several galleries for viewings of student work, and nine professionally equipped stages for theater, opera and dans. KHiO also has some of the most advanced workshops in Europe.



Kunsthøgskolen i Oslo har mange gallerirom til visningar av studentarbeid, og heile 9 profesjonelt utstyrte scener til visning av scenekunst. Høgskolen har og nokre av Europas mest avanserte verkstader.

KHiO has several galleries for viewings of student work, and nine professionally equipped stages for theater, opera and dans. KHiO also has some of the most advanced workshops in Europe.

III



Årets aktiviteter og resultat

Resultat etter nasjonale styringsparametrar

Resultat etter Kunsthøgskolens styringsparametrar

Status for oppfølging av utviklingsavtalen

Resultat etter nasjonale styringsparametrar

Kunnskapsdepartementet har fastsett nasjonale resultatindikatorar for kvalitet i utdanninga, jf. orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høgskolar. Resultatindikatorane er delt inn i fire sektormål:

1. Høg kvalitet i utdanning og forskning
2. Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
3. Kandidattal
4. Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanning og forskingssystem

Sektormåla vert meldt inn, og er tilgjengelege, i databasen med statistikk for høgare utdanning, DBH.

Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning	2015	2016	2017	2018	2019
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	86,09	78,63	77,19	69,92	69,42
Andel mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid	85,71	79,03	76,84	77,78	83,91
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten	4,29	4,13	4,18	3,85	4,14
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	49,4	44,35	44,02	49,23	48,32
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	1,32	1,47	2,5	2,97	4,73
Andel mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	70,83	-	76,47	-	-

Kunsthøgskolen har svært gode resultat knytt til gjennomstrøyming på bachelor- og masternivå, samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet.

Det er ei god utvikling i andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+, men det er framleis mogleg å auke nivået. Det er inngått avtalar med fagleg relevante samarbeidspartnarar, og KHiO vil arbeide for at eit aukande tal studentar og tilsette får utbytte av desse avtalane.

Sektormål 2 Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	2015	2016	2017	2018	2019
Bidragssinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk	0	0	0	0,3	0
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	26,2	8,86	10,26	35,78	76,54

I høve til andre bidrags- og oppdragsinntekter, er Kunsthøgskolen i ei slags institusjonell særstilling i UH-sektoren. Svært mykje av institusjonens fagportefølje er «frikunst» der KHiO utdannar til utøvande yrke. Det er også historiske og kunstfilosofiske tradisjonar for kunstens autonomi i høve til økonomiske eller politiske interesser.

Sektormål 3, kandidattal	2015	2016	2017	2018	2019
Årsstudium, bachelor og mastergrad	188	165	192	169	200
PPU	10	11	16	18	18
Kandidattal samla:	198	176	208	187	218

Kunsthøgskolens produksjon av kandidatar har svingingar som i hovudsak skuldast at nokre av studieprogramma er sykliske med opptak kvart andre eller tredje år. Det speglar seg att i produksjon av kandidatar som varierer litt frå år til år.

KHiO tok opp 20 søkjarar til studieprogramma i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i dans og teater i 2019. Kandidatmålet for PPU inngår i samla kandidattal og dei vurderingane som er gjort under sektormål 1, 2 og 4.

Sektormål 4 Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem	2015	2016	2017	2018	2019
Tal studiepoeng per fagleg årsverk	343,16	334,86	327,32	324,3	350,43
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	40,83	46,24	47,31	44,61	47,95
Andel midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	2,86	4,43	4,95	8,62	4,39

Prosentdelen midlertidige tilsette vert rekna ut frå tal årsverk. Frå 2015 er åremålsstillingar ikkje telt som midlertidige, jf. dokumentasjon av datauttak for nasjonale styringsparametre.



Resultat etter Kunsthøgskolens styringsparametrar

Kunsthøgskolen i Oslo fastset egne styringsmål for den faglege og administrative verksemda.

Strategisk plan 2017–2022 definerer fire målområde:


Studentane – morgondagens kunstnarar og designarar
Kunstnarisk utviklingsarbeid – den nye kunnskapen
Til stades i verda
Ein transparent, attraktiv og dynamisk organisasjon

Studentane – morgondagens kunstnarar og designarar

Strategisk plan 2017–2022 fastset følgjande mål:

- tiltrekke oss høgt kvalifiserte studentar med eit mangfald av kulturelle og kunstnariske erfaringar
- utdanne spesialiserte, sjølvstendige og reflekterte bachelorkandidatar
- vidareutvikle masterutdanningar som gir fordjupingsmoglegheiter, og som hentar perspektiv og impulsar frå breidda i Kunsthøgskolens fagfelt
- etablere eit doktorgradsprogram for kunstnarisk utviklingsarbeid, åleine eller i partnerskap
- ha eit samspel mellom stipendiatane og undervisninga ved å etablere 4-årige stipendiatstillingar
- ta ei aktiv rolle i heile utdanningsløpet innanfor våre fagområde
- auke kvaliteten i utdanninga gjennom å vidareutvikle pedagogiske metodar og vurderingsmetodar, gjennom bruk av nasjonale og internasjonale fagfellevurderingar og gjennom utveksling av studentar og lærarar
- sikre status som senter for framstående utdanning
- tilby eit læringsmiljø der studentane utviklar seg profesjonelt og personleg

Kunsthøgskolen i Oslo tilbyr 22 studieprogram. 10 studieprogram er på bachelornivå og 8 studieprogram på masternivå, i tillegg til 1 årsstudium og 2 studieprogram innan praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og 1 doktorgradsprogram. Nokre av masterstudia har berre opptak annakvart eller tredjekvart år.



Års, bachelor- og masterstudium

Utdanningstilboda er gjort kjent via nettside, nyheitsbrev og sosiale media i tillegg til DM (direct mail) til skolar og kontaktpersonar i adresseregisteret. KHiO inviterer framtidige søkjarar og alle interesserte frå kunstbransjen på besøk til Åpen dag der alle avdelingane tilbyr eit mangfald av aktivitetar og studentguidar har omvisingar.

I samband med opptak vert det gjennomført omfattande opptaksprosessar der søkjarane må gjennom praktiske opptaksprøver.

I studieåret 2018/2019 fullførte totalt 218 kandidatar. Andelen studentar som gjennomfører på normert tid er blant den beste i heile UH-sektoren og ligg høgt over gjennomsnittsverdien for sektoren. På bachelorutdanningane er det 69,42 % som fullfører på normert tid, (mot 48,83 % i sektoren), og på masterutdanningane er det 83,91 %, (mot 54,59 % i sektoren). Det er få kandidatar som stryk og graden av tilfredsheit og motivasjon er høg blant studentane. Resultat frå studentbarometret viser at studentane ved kunstutdanningane har høg fagleg tidsbruk samanlikna med studentar ved andre utdanningar i landet.

Studieprogramma har tett fagleg oppfølging. I kvalitetsarbeidet er det arbeid med å tydeleggjere læringsmål, innhald og vurderingskriterium for å få betre samsvar mellom studieplan og dagleg utdanningsløp. Det er eit mål at fagmiljøet ved det enkelte studieprogrammet er samansett slik at dei tilfredsstillar krava til førstekompetane. Det er oppretta programråd som deltek aktivt i kvalitetsarbeid og avdelingane har ei årleg evaluering av kvart enkelt studieprogram.

Kvalitetsrapporten viser gjennomgående tett fagleg oppfølging av læringsmiljø både når det gjeld studentenes fysiske og psykososiale læringsmiljø. Det er likevel også registrert avvik ved periodisk evaluering av studieprogram, og vurdering av fagtilsettes KUF-arbeid, som det skal arbeidast vidare med.

Avdeling dans søkte om status som senter for framragande utdanning med prosjektet REDE (Reliances and Ethics in Dance Education). Søknaden fekk god tilbakemelding, men kom ikkje til andre vurderingsrunde.

Utveksling

Dei fleste studentar og lærarar som dreg på utveksling gjer det finansiært gjennom Erasmus+ i Europa. KHiO er blant dei tre institusjonane i Noreg som har hatt høgaste vekst i bruken av Erasmus+ i Europa-midlar i programperioden 2014-2019. I 2017-2018 blei det brukt 50 309 €, medan det i 2018 vart brukt 83 024 €. Veksten har vore høgast på utveksling av teknisk-administrativt personale.

Andel kandidatar på bachelor- og masterprogramma med utveklingsopphald på minst 3 månader i graden er på 9,9 % i 2019, mot 9,8 i 2018, og eit stykke unna Bologna-erklæringas mål om 20 %. Det er stor variasjon mellom studieprogramma. I tillegg får studentar på nokre program internasjonal erfaring gjennom kortare opphald gjennom Nordplus og Utforsk.

Doktorgradsprogram

Doktorgradsprogram i kunstnarisk utviklingsarbeid innan fagområdet kunst vart oppretta i februar 2018. Den nye ph.d.-graden byggjer på femten års erfaring med det nasjonale stipendiatprogrammet, og gjev utøvande og skapande kunstnarisk verksemd ein rettmessig plass i det høgare utdannings- og forskingssystemet, og anerkjenner kunstfagas sjølvstendige bidrag til kunnskapsproduksjonen.


KHiOs aktive stipendiatar i det nasjonale programmet vart, etter individuell søknad og vurdering, overført til det nye doktorgradsarbeidet.

Fagområdet kunst omfattar biletkunst, dans, design, kunst og handverk, opera og teater. Kunstutøvinga skal stå i sentrum for doktorgradsarbeidet, følgt av ein refleksjon som gjer det mogleg for andre å ta del i den arbeidsmåten og innsikta som det kunstnariske utviklingsarbeidet genererer.

I 2019 er den faglege oppfølginga styrkt med at stipendiatane har ei midtvegsevaluering. I doktorgradsprogrammet er det stipendiatforum ein gong i månaden og frå 2020 er det planlagt semestervise rettleiarsamlingar.

6 stipendiatar disputerte:

Merete Røstad: The Participatory Monument – Remembrance and Forgetting as Art Practice in Public Sphere



Silje Aker Johnsen.

Katrine Køster Holst: Mineraler og naturfenomener – en regelbasert utforskning for å utvikle kunstneriske uttrykk

Silje Anker Johnsen: En søken etter en utvidet fysisk tolkning av vokal samtidsmusikk og av opera

Ane Thon Knutsen: En egen trykkpresse

Liv Bugge: The Other Wild: touching art as confrontation

Ingrid Midgard Fiksdal: Affective Choreographies

Røstad vart den første i Noreg som fekk tildelt graden philosophiae doctor (ph.d.) i kunstnarisk utviklingsarbeid. Ved utgangen av året var det 26 stipendiatar i programmet. Det er vedteke å ha ei opptaksramme på 6 nye stipendiatar kvart år.

Studentmedverknad

Som offentleg utdanningsinstitusjon med studentar frå både inn- og utland legg KHiO stor vekt på å ha ein høg grad av brukarmedverknad frå studentane.

Studentundersøkinga er det viktigaste enkelttiltaket for å vurdere brukarmedverknad og om studentane er nøgd med kvaliteten på utdanninga og dei tekniske og administrative tenestene. KHiO deltek også i Studiebarometeret som er ei felles undersøking for heile UH-sektoren. Studiebarometeret er også ei kjelde til informasjon om brukarmedverknad.

KHiO-studentane scorar nokså likt landsgjennomsnittet i resultatata frå den nasjonale undersøkinga. Dei er gjennomgåande godt nøgde med studietilbodet, men etterlyser meir opplæring i bruk av digitale verktøy og program. KHiO-studentane kjem på andreplass i landet når det gjeld kor mykje tid dei brukar på studia.

I den interne undersøkinga melder også studentane er dei er godt nøgde med studietilbod, undervisning og rettleiing, men opplever at det er få gode felles møteplassar med studentar frå andre fagområde.

Studentundersøkingane er ein viktig del av kvalitetssystemet på KHiO og navet i studenttilbakemeldingar. Oppfølging og tiltak vert drøfta i læringsmiljøutvalet og avdelingane lagar handlingsplanar for korleis funna bør følgjast opp. Handlingsplanane inngår i den årlege kvalitetsrapporten for KHiO.

KHiO har, saman med fem andre høgskolar, etablert ei felles ordning med studentombod. Kunsthøgskolen i Oslo, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Lovisenberg diakonale høgskole, Bjerknes Høgskole, Politihøgskolen og Noregs musikkhøgskole finansierer ei full stilling som inngår som ein del av studentombodstenesta ved Universitetet i Oslo. Dette er ei løysing som gjev studentombodet eit større fagmiljø og KHiO sine studentar eit betre tilbod.

Kunstnarisk utviklingsarbeid – den nye kunnskapen

Strategisk plan 2017–2022 fastset følgjande mål:

- gjere Kunsthøgskolens mange, spisse forskingsfelt og forskingsmiljø tydelege og synlege
- utvikle Kunsthøgskolens fagfelt gjennom strategisk bruk av forpliktande partnerskap med forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt
- definere kvalitet og standardar innanfor kunstnarisk utviklingsarbeid
- styrkje rektoratet med ein viserektor for kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning
- vidareutvikle attraktive arenaer for deling og utvikling av kunstnarisk utviklingsarbeid
- auke publisering og synleggjering av forskingsresultat på alle våre fagfelt

Kunsthøgskolen har over fleire år nedlagt eit betydeleg arbeid for å få eit kvalitetsløft i kunstnarisk utviklingsarbeid innan fagområdet kunst. Dette la grunnlaget for at KHiO i 2018 fekk faglege fullmakter som vitskapleg høgskole.

Det er inngått avtale om felles redelighetsutval med Noregs musikkhøgskole, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og MF vitskapleg høgskole for teologi, religion og samfunn. Utvalet skal ha mandat til å løfte dei oppgåvene som følgjer av forskningsetikklova, og å gje råd i saker om etiske problemstillingar som dei samarbeidande institusjonane legg fram. Utvalet skal også være ein pådrivar for å fremje forskningsetisk medvit hos tilsette ved institusjonane, og å fremje forskningsetisk debatt.

Kunstnerisk forskningsuke 2019

Kunstnarisk forskningsveke (Artistic Research Week) er ein delingsarena for forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid innan fagområdet kunst, med eit omfattande program med nasjonale og internasjonale foredragshaldarar, seminar og rundeborddiskusjonar. KHiOs fagtilsette deltek aktivt, presenterer forskingsprosjekt, og deler erfaringar om kunstnarisk utviklingsarbeid.

Fagavdelingane har i tillegg eigne faglege delingsarenaer i tett samarbeid med fagmiljøa.


Resultat av kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning

I 2019 hadde KHiO ansvar for følgjande større prosjekt innan kunstnarisk utviklingsarbeid som er delfinansiert med støtte frå Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, Diku.

Prosjekteigar	Prosjektleder	Prosjektittel	Budsjetttramme
Avdeling Kunstakademiet	Professor Saskia Holmkvist	Back Translation	2,4 mill kr.
Avdeling design	Professor Christina Lindgren	Costume Agency	6,7 mill kr.
Avdeling dans	Professor Amanda Stegell	Amphibious Trilogies	7,0 mill kr.



Back Translation



Amphibious Trilogie



Costume Agency

Back Translation er ein performativ omsetjingsmodell og eit aktivt analyse-verktøy i de-kolonial praksis. Prosjekt nyttar performance og scores (instruksjonar) av kunstnarar frå område prega av konflikter og narrative motsetnader som drivkraft og kjeldemateriale for å skape affektiv diskurs, kunnskapsproduksjon og nye kunstformer.

Nasjonalt og internasjonalt er fagområdet kostyme på veg til å finne fot-feste som eigen disiplin parallelt med scenografi og mote. *Costume Agency* undersøker, gjennom kunstnarisk utviklingsarbeid, kva kostyme gjer i ei scenekunstframsyning og korleis ei framsyning kan ha kostyme som eit startpunkt eller omdreingspunkt. Prosjektet *Costume Agency* (2018 til 2021) er internasjonalt breitt forankra og skapar òg ei felles plattform for akademisk og kunstnarisk refleksjon. www.costumeagency.khio.no

Amphibious Trilogies er eit kunstprosjekt som undersøker kyst- og havnære (litorale) område gjennom utvida koreografi, og utforskar kroppslige og miljømessige vilkår i kyst- og strandlinjer. Prosjektet utfordrar grensene for samtidskoreografien, samt kontingens i kunstbaserte iakttakingar og projiseringar av framtida. Det vert brukt kreative undersøkingar, metodar og teknikkar med tverrfaglege tilnærmingar, som kunstteamet praktiserer i utøvinga av koreografien.

KHiO arbeider med å auke andelen eksternt finansierte forskingsprosjekt og har starta ein intern prosess for å auke kvaliteten på forskingssøknader frå institusjonen. Søknader til eksterne finansieringskjelder, og evalueringa av desse søknadene, vil framover inngå i det kvalitative og systematiske utviklingsarbeidet.

Kunsthøgskolen utval for kunstnarisk utviklingsarbeid og forskning tildelte i 2019 prosjektstøtte til 22 ulike prosjekt. Støtta varierer frå om lag 10.000 til 100.000 kr. pr. prosjekt.

Dokumentasjon av faglege resultat


Kunstnarisk utviklingsarbeid inngår som del av arbeidstida til fagleg tilsette og KHiO arbeider for å synleggjere resultatene av dette arbeidet.

Cristin er det nasjonale rapporteringssystemet for forskning der fagleg tilsette og doktorgradsstipendiatar registrerer sine pågåande prosjekt og resultat. I 2018 var det 376 registrerte resultat som er same nivå som året før. Tal for 2019 er klart i april 2020 og statistikken vert tilgjengeleggjort i DBH. Dei fleste resultatene finst innan kategoriane kunstnarisk og museal presentasjon, konferansebidrag og fagleg presentasjon og kunstnarisk resultat.

Khioda er KHiOs opne vitenarkiv. Her ligg studentarbeid og resultat av forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid ope tilgjengeleg. *Khioda* inneheld dokument i fulltekst, lyd og bilete. Tilveksten i vitenarkivet var på 150 publikasjonar, mot 143 i 2018. Talet på filnedlastingar var 52.486, mot 59.807 i 2018.

Kategorifordeling for Kunsthøgskolen i Oslo	2014	2015	2016	2017	2018
Tidsskriftspublikasjon	21	33	41	44	34
Konferansebidrag og faglig presentasjon	35	100	124	95	73
Bok	8	8	12	11	20
Rapport/avhandling	1	4	3	9	8
Del av bok/rapport	11	16	19	25	9
Omsetjingsarbeid	0	0	1	0	0
Mediebidrag	11	8	15	10	14
Kunstnarisk og museal presentasjon	106	133	148	118	149
Kunstnarisk resultat	45	41	39	62	59
Produkt	1	6	0	1	3
Informasjonsmateriale	0	0	1	2	7
Sum	239	349	403	377	376

Innførslar i Cristin



Til stades i verda

Strategisk plan 2017–2022 fastset følgjande mål:

- styrkje forståinga for verdien kunst og kunstnariske prosessar har som bidragsytar til estetisk danning, demokratiutvikling, arbeidsmarknad og omstilling
- styrkje Kunsthøgskolen som arena for «kunst i prosess» og for deling av kunstnariske metodar og resultat
- tydeleggjere det nasjonale ansvaret vi har for spesifikke fagfelt
- utdanne kunstnarar og designarar som bidreg i arbeids- og samfunnsliv
- utvikle målgruppeforståing og formålstenlege system for å nå riktige målgrupper

Formidling - kunst i prosess

Kunsthøgskolen har ei praksisnær kunstutdanning og forskning. Gjennom heile utdanningsløpet trenar studentane seg på eit mangfald av scener, verkstader, atelier, øvings- og gallerirom til ein framtidig arbeidssituasjon som profesjonelt utøvande kunstnar der kunsten møter publikum.

Deling av kunstnariske metodar og resultat med publikum står heilt sentralt i det store talet med kunstnariske prosessar, metodar som inngår i utdanning og forskning. Dette er også årsaka til at KHiO har eit svært høgt tal med arrangement med formidling til eit eksternt publikum.

I 2019 gjennomførte KHiO 280 unike kunstproduksjonar. Ein produksjon kan ha fleire framsyningar eller visningsdagar. Tilsvarande tal i 2018 var 271.

2019	Utstilling	Framsyning	Konsert	Forelesing	Seminar/ konferanse	Boklansering	Visning	Presentasjon	Disputas	Markering	
Dans	2	18		4	3	2			1		30
Operahøgskolen		5	9	4	3				1		22
Teaterhøgskolen	2	41	2	2	1	2					50
Design	8	2		9	1		4		1		25
Kunstakademiet	34	4	2	29		3	5		1	1	79
Kunst og handverk	33			21	8	1	3		2		68
KHiO felles					1		1	3		1	6
	79	70	13	69	17	8	13	3	6	2	280

Kunstnariske prosessar, metodar og resultat ved KHiO 2019 med formidling til publikum



Sommerteatret i Frognerparken

Kvart år framfører studentane ved 2. år bachelor i skodespelarfag ei teaterframsyning i Frognerparken. Sommaren 2019 vart det spelt 57 framsyningar av «Jakten på nyresteinen».

Regi: Frank Kjosås

Scenografi og kostymedesign:

Gjermund Andresen

Komponist: Simen Solli Schøien

Ved scenekunsthøgskolen (teater, opera og dans) var det 83 produksjonar med til saman 257 framsyningar med billettering og publikumsmottak. (Av dette utgjorde Sommerteatret i Frognerparken 57). Ved dei visuelle faga (design, kunstakademiet og kunst og handverk) var det 75 utstillingar, alle tilgjengelege for publikum i fleire dagar. I tillegg kjem nokre sentrale arrangement, med Kunstnarisk forskingsveke som det viktigaste.

KHiO arrangerer også fleire faglege seriar for å gje vesentlege bidrag til, og styrkje den offentlege samtalen om verdien kunst og kunstnariske prosessar har som bidragsytar til estetisk danning og utvikling av demokratiet. I 2019 var dei viktigaste Academy lectures (Kunstakademiet), Akademirommet (Kunstakademiet), Åpent forum (Kunstakademiet), Agenda (kunst og handverk), Art and craft lectures (kunst og handverk), Design talks (design), Og nå (Teaterhøgskolen) og Forum dans (dans). I tillegg er det også andre opne forelesingsrekker rundt faglege emne.

Elvelangs

KHiO var eitt av fem hovudstopp under Elvelangs 26. september 2019, eit prosjekt i regi av bydelane langs Akerselva med folkevandring langs elveløpet. Mange titusen personar vandra langs elva og passerte ein lyssett KHiO-bygning og foss og opplevde studentar som deltok med aktivitetar og sal av kunsthåndverk, kaffi og vaflar.

Designers Saturday


KHiO var eitt av fjorten busstopp under Designers Saturday 6.–8. september 2019 og vertsløkkale både for opning av avslutning av denne store mønstringa for norsk design som går av stabelen anna kvart år. Fleire utstillarar viste fram ny norsk design og KHiO var også arena for DS Academy utstillingane, Co-Op og finaleprosjekta i DS Awards Best Talent og Best Interior 2019. Helga vart avslutta med Unika, ei auksjonsutstilling med prototypar og objekt i regi av Blomqvist.

KHiO er representert i styret for Designers Saturday og ser på dette som eit svært viktig arrangement for samvirke med bransjen. Det er også ein god måte å ta i bruk dei store vrimeleareala på KHiO. Totalt gjesta over 1700 publikumarar KHiO denne helga.



Barnekoret ved Den Norske Opera & Ballett

Operahøgskolen arrangerte seminaret Unge sangstemmer som retta ekstra merksemd rundt temaet gitar og song.



Avgang 2019 var det største og viktigaste enkelttiltaket. 214 avgangsstudentar frå års-, bachelor og masterstudia ga innblikk i nye kunstnariske metodar og resultat gjennom 33 framsyningar og utstillingar i fire hektiske vårmånader før avsluttande eksamen og utdeling av vitnemål. Avgang 2019 var godt besøkt av publikum, talentspeidarar, bransjefolk og leiarar ved kunstnstitusjonane, som alle er nysgjerrige på kva som rører seg i høgare kunstutdanning.

Til avgangsprosjekta er det utvikla eit eige design- og marknadsføringsprogram. Avgangsprosjekta vert også ein viktig arena for å vise seg fram for den arbeidsmarknaden som ventar etter at KHiO har utdanna studenten til ei framtid som profesjonell kunstnar.

Kunsthøgskolen er ikkje eit kulturhus, men ein utdanningsinstitusjon der ein viktig del er at studentanes eksperimentering med kunstnariske metodar og resultat møter publikum som ein del av utdanningsløpet fram til å bli ein profesjonell kunstnar. Difor føregår det ikkje noko systematisk teljing av publikum ved alle arrangement, men det er på det reine at det kvart år er fleire titusenar med publikum som gjestar utstillingar og framsyningar på KHiO. Arrangement ved KHiO er gratis for publikum.

Ekstern kommunikasjon

Kvar veke vert nyheitsbrevet På KHiO sendt ut til over 2 700 abonnentar og folk kan òg skrive seg på elektroniske invitasjonslister for aktiviteter ved dei ulike fagavdelingane. Nettstaden khio.no er navet i kommunikasjonsverksemda. KHiO har ikkje berre studentar frå heile Noreg, men om lag 1/3 av studentmassen kjem frå andre land og institusjonen er i ein omfattande dialog med kunstmiljø i andre land. Bruken av Instagram har auka og KHiO har fått mange nye følgjarar. Ein har gjennomført vellukka forsøk med at nokre studentgrupper i Avgang 2019 tok over redaktøransvaret for kontoen i 48 timar før premiere på framsyning eller utstillingsopning.

Invitasjon

KUNSTHØGSKOLEN I OSLO
OSLO NATIONAL ACADEMY OF THE ARTS

KUNST OG HÅNDVERK
ART AND CRAFT

Josef Albers: From the series "Homage to the Square" (portfolio of ten screenprints), 1962

Agenda Art and Craft: Know Your Bauhaus II

This Agenda takes a closer look at the pedagogical sides of Bauhaus, with an emphasis on Josef Albers and Paul Klee.

Klee and Albers cooperated for years at the Bauhaus school in Dessau before Albers immigrated to the US in 1933 where he started to teach at the famous Black Mountain College. The speakers will be Brenda Danilowitz, Albers foundation US, and Dr. Michael Baumgartner, Klee foundation Germany. Among the topics are: the Dessau years, Paul Klee's Pedagogical sketchbook as well as Albers' teaching at Black Mountain College and Anni Albers' jewelry.

Artist presentations
Eline Mugaas and Ann Catrin November Høibo.

Time: 22 November 2019, 10:30–15:00
Venue: Kunstnernes Hus

About Bauhaus
Bauhaus was the most influential art school in Europe in the 20th century and it came to define the modern art movement. It was founded by Walter Gropius in 1919.

[See full programme and read more about the contributors](#)

På KHiO

NYHETSBRV
NEWSLETTER

23. september 2019


Aktuelt



Tidligere solist ved Kirov-balletten (Marinskij) til KHiO

Irina Zavalova er tilsatt som førsteamanuensis i klassisk ballett ved avdeling Dans.


Arrangement



Invitasjon: 19.11.

Åpen dag 2019

Kunsthøgskolen i Oslo åpner dørene og inviterer fremtidige søkere og alle andre interesserte på besøk!



Visning, utstilling: 30.08.–29.09.

To studenter til LIAF


Lofoten internasjonale kunstfestival: Damla Kilickiran og Viktor Pedersen går 2. året på masterstudiet ved Kunstakademiet og deltar på årets LIAF.



Forelesning: 23.09.

Becay

The presentation is part of an ongoing workshop titled: Collage – Montage in relation to Diaspora culture



Forestilling: 27.09.

Feilvare

Forestillingen er en del av Ingrid Liavaags fordypningsprosjekt i master teater og foregår i en matvarebutikk.

Utmerkingar og prisar

Først med doktorgrad



Merete Røstad vart den første i Noreg som fekk tildelt graden philosophiae doctor (ph.d.) i kunstnarisk utviklingsarbeid. I februar 2019 disputerte ho og forsvarte forskingsarbeidet "The Participatory Monument – Remembrance and Forgetting as Art Practice in Public Sphere".

Suksesshelg i Falun

Bachelorstudentane i klassisk ballett hevda seg stort under Stora Daldansen – The Nordic Ballett Competition i Falun. I 2019 kom åtte av seksten finalistar til finalen og tok med seg åtte av elleve prisar heim til KHiO.



Til operastudiet ved Staatsoper Berlin



I skarp konkurranse med songarar frå heile verda fekk sopranen Victoria Randem, som var avgangsstudent på masterutdanninga ved Operahøgskolen, tilbod om eit toårig engasjement ved det prestisjefylte operastudioet ved Staatsoper Under den Linden i Berlin.

To sølv under Årets vakraste bøker

Professor Martin Lundell, fagansvarlig for grafisk design og illustrasjon, og Vibeke Luther O'Rourke, verksmester publisering, vart tildelt sølv. Lundell fikk sølv for boka *Imot døden*. Han fekk også diplom for boka *Armauer*. O'Rourke fikk sølv for boka *A poem Steinar Opstad*.



Masterstudent vann grafikkpris

Cathrine Alice Liberg, masterstudent ved medium og materialbasert kunst, fekk Norske Grafikeres Fonds grafikkpris for verket *No Name Woman*, på Høstutstillingen 2019. Verket er del av avgangsprosjektet på KHiO.





Ane Graff dreg til Venezia

Stipendiat Ane Graff var Noregs representant ved Den nordiske paviljongen under Venezia-biennalen 2019. Utstillinga *Vêrrapport: Varsel om framtida* tok opp tema rundt dei komplekse og varierende forholda mellom det menneskelege og det ikkje-menneskelege i ei tid då klimaendringar og masseutrydding truar framtidig liv på jorda. Utstillinga er ein del av doktorgradsstudiet ved KHiO.

Mari Koppanen tok storeslem under Designers Saturday

Mari Koppanen, masterstudent ved design, vann både 1. og 2. pris under DS Award Best Talent 2019. Ho fekk prisane for 1. *We Grew Together* og 2. *Modern Nomadism* som er prosjekt på KHiO. Nina Tsybolskaia fekk 3. plass for prosjektet *Over The Deadline*, også ho gjekk ut frå master design i 2019.



Gull i Grasse – igjen!

Nanny Hedberg, Benedikt Gylfason og Samira Bethke, studentar i klassisk ballett, fekk med seg gull, sølv og fleire utmerkingar heim frå den viktige internasjonale ballettevlinga Prix de la Ville de Grasse.



Studentar på Høstutstillingen 2019

Seks noverande og nyleg uteksaminerte KHiO-studentar deltok under Høstutstillingen. Asta Tutavae med verket *Fika* (i kunstnargruppa DuoDuo), Md Wahiduzzaman Bhuian med verket *Two Parts of Land*, Maria Viirros med verket *Through Fire I*, Cathrine Alice Liberg med verket *No Name Woman 1*, Elise Nohr med verket *Sensurert* og Camilla Edström Ödemark med verket *Transit*.






Kritikarprisen til Ingri Fiksdal

Stipendiat Ingri Fiksdal vann Kritikarprisen i kategorien dans med Deep Field. Framsyninga er ein del av arbeidet med ph.d.-grad ved KHIO.

Masterstudent vann Cairo Biennalen



Ahmed Badry, masterstudent i medium og materialbasert kunst, vann ein av seks prisar som vart delt ut under Cairo Biennalen 2019. Han fekk prisen for installasjonen *Various names for a provisionary that lasts*.

Ein transparent, attraktiv og dynamisk organisasjon

Strategisk plan 2017–2022 fastset følgjande mål:

- rekruttere, utvikle og behalde godt kvalifiserte og motiverte tilsette
- fremme eit arbeidsmiljø prega av inspirerende samarbeid, trivsel og meistring
- stimulere og leggje til rette for samarbeid på tvers av avdelingar og seksjonar
- ha ei samansetjing av tilsette i faste stillingar og åremålsstillingar og gjestelærarar, alle med kunstfagleg kompetanse som støttar opp om måla og prioriteringane våre
- kunnskapsbasere ressursfordelinga mellom Kunsthøgskolens ulike fagfelt og ha ein god balanse mellom aktivitetar og ressursar
- sikre at faglege, administrative og tekniske medarbeidarar og ressursar blir organiserte og brukte slik at dei understøttar kjerneverksemda
- auke det økonomiske handlingsrommet vårt gjennom meir ekstern finansiering og effektivisering av intern ressursbruk

Kunsthøgskolen har om lag 200 årsverk. Årsverka fordeler seg slik:

Årsverk ved KHIO

Årsverk	2015	2016	2017	2018	2019
Årsverk totalt	191	199	199	213	202
Årsverk i tekniske og administrative stillingar	97	94	93	108	103
Årsverk i undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar	94	105	106	105	99
Andel årsverk i førstestillingar av faglege stillingar, ekskl. stipendiatar	75,34	78,09	76,12	76,18	74,18
Andel årsverk i rektutteringsstillingar av undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar	13,83	16,19	16,98	19,48	21,01

Kunsthøgskolen har litt over 100 faglege årsverk. I undervisnings- og forskarstillingar finst stillingskategoriane professor, professor II, førsteamanuensis, høgskolelektor, førstelektor og dosent. I 2019 var 65 personar tilsett på åremål og 50 i fast stilling i denne gruppa. Mange arbeider deltid. I tillegg tilfører årleg rundt 900 gjestelærarar spisskompetanse til ulike delar av undervisninga.

Av dei litt over 100 administrative årsverk er over 30 personar, dei fleste i deltidsstillingar, som har sitt daglege arbeid ved verkstader og scener og i eit nært samvirke med fagutdanninga og kunstproduksjonane. KHIO har også fast tilsett reinhaldspersonell, ein funksjon som ved dei fleste andre UH-institusjonar oftast er sett ut på anbod og såleis ikkje inngår i stillingsoversikta ved institusjonane.

KHiO er ein av få institusjonar, som med heime i Universitets- og høgskolelovas § 6-4, har moglegheit til å gjere bruk av åremålsstillingar i undervisnings og forskarstillingar «når skapende eller utøvende kunstnerisk kompetanse inngår som et vesentlig element i kompetansekravet». Desse er ikkje midlertidige stillingar, men åremålsstillingar. Dei fleste fagtilsette med førstekompetanse har åremålskontraktar på seks år der det er moglegheit for fornying ein gong etter ei føregående utlysning. I nokre tilfelle nyttar KHiO kalling av fagpersonar med fagleg spisskompetanse det normalt elles ikkje villa ha vore mogleg å rekruttere. Også kallingar vert vurderte av ein sakkunnig komité og tilsetjinga er som oftast som professor II i åremål.

KHiO tilbyr fagsette utviklingstilbod gjennom KUF-ordninga og andre moglegheiter for ekstern kompetanseutvikling, tilgang til velutrusta arbeidslokale og verkstader og fleksible arbeidstidsordningar.

Program for medarbeidarutvikling

Program for medarbeidarutvikling blei gjennomført våren 2019. Programmet fekk økonomisk støtte frå Difi, og føremålet var å utvikle organisasjonen horisontalt. Pilotprosjektet omfatta 20 tilsette frå ulike delar av institusjonen og var eit tiltak for å møte ønske som tilsette har kome med i medarbeidarundersøkingar. Tilbakemeldingane ved evalueringane var svært gode.

Arbeidsmiljø

Annakvart år gjennomfører institusjonen arbeidsmiljøundersøkinga ARK i regi av NTNU etter ein felles mal der KHiO kan gjere samanlikningar med middelverdien for heile UH-sektoren. Neste undersøking er i 2020. I mellom-åra er det vernerundar ved alle arbeidsplassane.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) oppretta, i kjølvatnet av metoo-aksjonen, ei arbeidsgruppe for å samordne UH-institusjonanes innsats for å kartlegge, førebyggje og sikre gode system for varsling og oppfølging av mobbing og trakassering for tilsette og studentar. Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO) var representert i arbeidsgruppa ved tidligare rektor. Etter initiativ frå Universitetet i Agder (UiA), Universitetet i Oslo (UiO) og KHiO vart det gjennomført ei nasjonal spørjeundersøking blant tilsette i sektoren. Tal respondentar på KHiO var lågt, men resultat samsvarar i all hovudsak med resten av sektoren. KHiO har ein høgare del enn resten av sektoren som svarer at dei kjenner til det interne varslingsystemet.

Økonomi

Løyvinga for 2019 utgjorde 359,511 mill. kroner. Udisponerte midlar frå 2018 vart overført til 2019 med 6,269 mill. kroner. Av dette utgjorde avsetjing til investeringar 6,182 mill. kroner. I tillegg blei det overført 7,662 mill. kroner til kunstnarisk utviklingsarbeid og stipendiatprogrammet.

Bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteter utgjorde 7,040 mill. kroner. I tillegg kom EU-midlar med 0,380 mill. kroner. Kunsthøgskolen hadde ikkje oppdragsprosjekt i 2019.

Kunsthøgskolen disponerer store areal og ein stor del av løyvinga er bunden i husleige, drift og løn. Kostnader til husleige, driftsavtalar og energi var på 142,938 mill. kroner, eller 40 % av ordinær løyving for 2019. I tillegg kom løns- og driftskostnader til intern drift og reinhald med til saman 11,175 mill. kroner.

Kunsthøgskolen i Oslo har endra seg mykje sidan innflytting i 2010 (scene-faga) og 2010 (visuelle fag) og fått fleire materstudium og eige ph.d. program (2018).

Med bakgrunn i dette er det sett i gong ein prosess for å utvikle langsiktige planar for campusutvikling. Det er behov for å vidareutvikle verkstader for å støtte auka forskingsaktivitet og å gje tilgang for studentar på tvers av studieprogram. Scenene, som utgjør 60 % av arealet, må fornyast for meir effektiv bruk. Og det er behov for endringar i infrastruktur og fornying og investering i nytt teknisk utstyr. Ei slik fornying gjev også moglegheiter for eit grønt skifte.

Som steg i prosessen var prosjektet «Heilskapleg arbeid med arealressursar ved KHiO» etablert. Sluttrapporten blei levert i 2019 og ser på utviklinga sidan samlokaliseringa, overgang til vitskapleg høgskole og den auka satsinga på forskning. Rapporten kartlegg at mange arbeidsplassar ikkje oppfyller dagens HMS-krav for lys, utforming, støy og ventilasjon.

I 2019 vart det etablert eit felles sørvissenter. Høgskolen har nå eitt kontaktpunkt der alle kan vende seg, og tenestene er meir koordinerte og effektive og med bruk av mindre personalressursar. Dette var eitt av tiltaka som var skissert i samband med omorganiseringa av fellesadministrasjonen i 2018. Eit anna mål som kom på plass er etablering av rolla som utstillingskoordinator med teknisk produksjonsansvar for, og hjelp til, utstillingar og arrangement.

Atelierhuset i Arcueil utanfor Paris vart rehabilitert i 2017. Det har vore arbeid med å finne eigna prisnivå på utleige, slik at den dekkjer utgifter, men samtidig ikkje blir for høg for aktuelle leigetakarar, slik at huset blir brukt etter hensikta. I 2019 gjekk drifta i balanse.

Organisasjon og infrastruktur

Status for oppfølging av utviklingsavtalen

Kunsthøgskolen i Oslo har inngått ein treårig utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet frå 2019. Endeleg rapport om måloppnåing skal inngå i årsrapport 2021–2022.

Statusrapport for 2019 er såleis første rapportering og skjer på eit meir overordna nivå om kva type tiltak som er initiert og sett i gong. KHiO er undervegs i avtaleperioden og jobbar aktivt med å nå måla i avtalen.

Oppfølging av utviklingsavtalen har vore tema på fleire styremøte og på møte i den faglege leiargruppa og på kollegiemøte i dei enkelte fag-avdelingane.

Mål 1. Utvikling av kvalitet i kunst-utdanning

Kvalitet i høgare kunstutdanning har høg prioritert ved Kunsthøgskolen, noko som m.a. kjem til uttrykk gjennom revisjon og aktiv bruk av studieplanar ved avdelingane.

Det er inngått samarbeid med Noregs musikkhøgskole om kurs i praksisrettlegg for PPU sine praksisplassar og det har vore kurs om lærarrolla. Det er oppretta programråd ved alle avdelingar og det vert arbeidd med å etablere forum på institusjonsnivå for auka involvering av fagtilsette, noko som også skal føre til betre avgjerder og fagleg forankring og legitimitet.



KHiO arbeider for å utvikle den utdanningsfaglege kompetansen hos fagtilsette, både den generelle pedagogiske kompetansen og den meir fagspesifikke pedagogiske kompetansen innan dei enkelte fagområda. Det er gjennomført kortare kurs om lærarrolla, i tillegg til at dei ulike avdelingane har utvikla eigne program som omhandlar spesielle krav til rolleforståinga som kunstnar, lærar og rettleiar.

Kollegarettlegg er tatt i bruk som verktøy for å styrkje den utdanningsfaglege kompetansen. Det er gjennomført kurs i kollegarettlegg. Fag-avdelingane er på ulike stadium i dette arbeidet, og vidare utvikling og implementering vert sett i samanheng med kvalitetsarbeidet på KHiO.



Ane Thon Knutsen frå avdeling design fekk Nordens første praksisbaserte doktorgrad i grafisk design i 2019.

Mål 2. Utvikling av KHiOs doktorgrads-program i kunstnarisk utviklingsarbeid

I 2018 fekk KHiO status som vitskapleg høgskole og det vart samtidig oppretta eit nytt doktorgradsprogram i kunstnarisk utviklingsarbeid.

KHiO har inngått ein samarbeidsavtale for forskarskole i kunstnarisk utviklingsarbeid. Ved utgangen av 2019 er avtalepartane KHiO, Noregs musikkhøgskole, Universitetet i Bergen - fakultet for kunst, musikk og design, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Diku. Avtalen er oppretta for å drive ein nasjonal forskarskole for stipendiatar knytt til program som fører fram til ph.d. i kunstnarisk utviklingsarbeid. KHiO bidreg aktivt i forskarlestyrets arbeid, der utvikling av eit felles opplæringstilbod som er relevant for heile fagbreidda innanfor kunstnarisk utviklingsarbeid har vore den viktigaste oppgåva i 2019. Opplæringstilbodet skal sikre at stipendiatar kan opparbeide seg kunnskap, ferdigheit og kompetanse om kunstnarisk utviklingsarbeid i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

KHiO samarbeider med forskarskolen om felles utvikling av rettleiar-kompetanse. I tillegg er det lagt planar for at det frå 2020 vert etablert faste samlingar for rettleiarar ved KHiO.

I 2019 var det seks ph.d.-stipendiatar som disputerte og fekk tildelt grad i det nye doktorgradsprogrammet.

IV

Styring og kontroll av verksemda



Rapportering om styring og kontroll

Styringsdialog

KHiO deltek i den strategiske styringsdialogen med Kunnskapsdepartementet og har følgd opp føringar i statsbudsjett, tildelingsbrev av 19. desember 2018 og skriftleg tilbakemelding på årsrapport.

Det er ikkje registrert vesentleg styringssvikt, og Riksrevisjonen har gjennomgått årsrapport og rekneskap utan merknader.

Det er arbeidd spesielt med områda:

Ph.d.

Den første kandidaten i Noreg som fekk tildelt doktorgrad (ph.d.) i kunstnarisk utviklingsarbeid fekk den ved KHiO. I 2019 vart i alt 6 doktorgradskandidatar ferdig uteksaminert i det nye programmet.

Lærlingar

KHiO er godkjent som lærebedrift innan IKT-sørvisfaget. Det vart tilsett ein læring i 2017, og ein ny i 2018 slik at KHiO har to lærlingar innanfor fagområdet. Hausten 2019 vart første lærling uteksaminert etter fullført læringsperiode. Samstundes inngjekk KHiO avtale om å være læringsbedrift for ein lærling som møbelsnikkar.

Kvalitet i utdanninga

Intern oppfølging av St. meld. 16 (2016-2017) Kvalitet i høgare utdanning, der kunstnarleg utviklingsarbeid er integrert i undervisninga og utgjør ein vesentleg del av alle kunstproduksjonane med tilhøyrande formidlingsprogram der KHiO gjennom heile utdanningsløpet trenar studentane på eit mangfald av scener, verkstader, atelier, øvings- og gallerirom til ein framtidig arbeidssituasjon som profesjonelt utøvande kunstnar der kunsten møter publikum.

Utviklingsavtale

KHiO har delteke i prosessen med å definere målparameter og milepælar for prøveordninga med utviklingsavtale og gjev første den første oppsummeringa av dette arbeidet i denne årsrapporten. Utviklingsavtalen varer fram til våren 2022.

Inkluderingsdugnad

KHiO arbeider systematisk for å utvikle rutinar og arbeidsformer med sikte på å realisere regjeringas mål i inkluderingsdugnaden om at fem prosent av alle nyttilsetjingar skal være knytt til søkjarar med funksjonsnedsetjing eller hol i cv. I 2019 har ingen søkjar registrert hol i cv. 11 søkjarar har registrert funksjonsnedsetjing, det utgjør 1,3 % av alle søkjarane. 67 søkjarar oppgjev at dei har innvandrarbakgrunn, dette utgjør 8 % av søkjarane.

Arbeidslivskriminalitet

KHiO følgjer rammeavtalene frå Statens innkjøpssenter der det er mogleg, som ein del av arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet. Det har dessutan vore eit samarbeid mellom KHiO, NiH, AHO og NMH om fornying av innkjøpsavtalar for trykkeritjenester (alle fire), vikartjenester (AHO og KHiO), eksperttjenestehjelp for anskaffingar via Inventura (blir betalt per time/oppdrag), catering (alle fire) og personvernombod (alle fire).

Samfunnssikkerheit og beredskap

KHiO har, saman med NMH og AHO, inngått rammeavtale for kjøp av konsulenttenester innanfor sikkerheit og beredskap med Sikkerhetsledelse AS. Avtalen inneber moglegheit for bistand med utarbeiding av ROS-analyser, øvingar og planverk.

Beredskaps- og krisehandteringssystemet CIM er kjøpt inn og det er utarbeidd ein plan for at systemet skal klargjerast og takast i bruk første kvartal 2020.

Beredskapsøving vart gjennomført 5. desember 2019 for KHiOs krise-stab, som er samansett av leiarar og sentrale ressurspersonar ved KHiO. Øvinga skjedde i regi av Sikkerhetsledelse AS, der tema var situasjonen om trugsmål i Noreg. Føremålet var å gå gjennom roller for leiinga og ressurspersonar. Læringspunkt frå øvinga er dokumentert og følgd opp. Nokre tiltak gjenstår.

Det har vore heildagskurs om handtering av vanskelege personar og situasjonar for skolens førstelinje og resepsjon. Tilsvarande kurs for studentvakter er planlagt i 2020.

Ny brannvernorganisasjon for evakuering og internkontroll er etablert. Det er gjennomført brannvernøvingar og utarbeidd plan for 2020. Det er utført eit større arbeid med å lukke dokumenterte brannavvik.

Det er utarbeidd ein plan for å gjere sikresiden.no kjent og brukt blant tilsette og studentar.

Det er gjennomført førstehjelpskurs og gjennomført HMS-kurs for vernelinja og leiarar.

Informasjonssikkerheit

KHiO arbeider kontinuerleg med å betre informasjonssikkerheita.

Kriseøving for informasjonssikkerheit vart gjennomført 27. november 2019. Datainnbrot med personopplysningar på avvege var tema. Øvinga var hovudsakleg ei skrivebord/diskusjonsøving som involverer fleire seksjonar i eit scenario, men med nokre element av speløving/praktisk øving for it. Tiltaksplan blei oppdatert etter evaluering av øvinga.

Retningslinjer for handtering av uønskte digitale hendingar er utarbeidd i leiingssystemet for informasjonssikkerheit. Ansvar og myndigheit er skildra i leiingssystemet og det er etablert avviksregistrering og rutinar for varsling av berørte og datatilsyn.

I 2019 vart det etablert ei permanent ordning for personvernombod i eit samarbeid med AHO, NMH og NiH.

Infrastruktur og it

Dei fleste tenestene høgskolen nyttar er no fellestenester/skytenester for sektoren. For å sikre ein robust og sikker tilgang til tenestene er det difor særskilt viktig å sikre kvaliteten på Campusnettverket. I 2019 starta ei tilrettelegging for CNaaS-drift i regi av Uninett, jf. målsetjingar om bruk av felles-tenester i digitaliseringsrundskrivet. CNaaS-overgangen vil være fullført i 2020.

Digitalisering. KHiO arbeider for å utvide bruken av elektronisk saksbehandling og dokumentflyt, og for erstatte lokale løysingar med verktøy og felles-løysingar i sektoren. Studieprogramma ved KHiO er praxisnære og digitale verktøy og læringsformer vert vurdert mot dette.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

Avdeling	Årsverk	Årsverk kvinner	Årsverk menn
Dans	19,08	12,92	6,16
Design	22,29	10,64	11,65
Kunst og handverk	23,66	16,66	7
Kunstakademiet	19	12,55	6,45
Operahøgskolen	8,71	3,9	4,81
Teaterhøgskolen	14,32	6,27	8,05
Fellesadministrasjonen	95,35	52,86	42,49
Sum	202,41	115,8	86,61

Kunsthøgskolen har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Både for gruppene undervisnings- og forskarstillingar, og gruppa teknisk administrativt tilsette, er andelen kvinner om lag 57 %.

Ved årets utgang er det tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn i dei leiande stillingane. Med unntak av seksjonssjefstillingane er alle leiarstillingar ved KHiO åremålsstillingar.

For undervisningsstillingar med førstekompetanse er det nokolunde jamn kjønnsfordeling totalt, men med ei lita overvekt kvinner. Ved Teaterhøgskolen er det ikkje kvinner som professor og førsteamanuensis. I stillingskategorien høgskolelektor er det ei overvekt av kvinner, med unntak av Kunstakademiet.

Løn

Gjennomsnittsløn per stillingsgruppe	Årsløn gjennomsnitt kvinner	Årsløn gjennomsnitt menn
Administrative/tekniske stillingar	566 174	542 022
Drifts- og vedlikehalds stillingar	417 963	481 583
Undervisningsstillingar	655 457	668 505
Stipendiatar	480 593	478 240
Leiarar	933 863	936 695

I dei administrative stillingsgruppene er det ei klår overvekt av kvinner i stillingar som rådgjevar, seniorrådgjevar, seniorkonsulent og spesialbibliotekar. Det er ingen kvinner i stillingar som avdelingsingeniør, overingeniør og driftsteknikar, men det er få årsverk i desse stillingsgruppene.

Gjennomsnittsløn per stillingsgruppe viser små skilnader mellom kvinner og menn. Tilhøvet mellom tilsette i heil- og deltidsstillingar har heller ikkje noko merkbar skilje mellom menn og kvinner. Statistikken over arbeidstid viser at det er flest kvinner i både heiltids- og deltidsstillingar ved avdelingane dans, kunst og handverk og Kunstakademiet.

Når det gjeld uttak av velferds- og foreldrepermisjon er den totale summen av dagar noko redusert. Det er framleis eit høgare uttak med permisjonar for kvinner.

V

Vurdering av framtidssikter



Faglege ambisjonar og budsjettutfordringar – på veg inn i eit nytt tiår

I tråd med utviklingsavtalen arbeider KHiO systematisk med å vidareutvikle høg kvalitet i utdanninga, inkludert det nye doktorgradsprogrammet.

Kunsthøgskolen har hatt ei enorm utvikling i utdanning og kunstnarisk utviklingsarbeid sidan innflyttingane på Grünerløkka i 2003 og 2010. KHiO har blitt vitskapleg høgskole, alle fagavdelingar har fått masternivå og det er etablert eit nytt doktorgradsstudium. Saman med ei utvikling i metodar og former for kunstnarisk forskning, set det nye krav til lokale og infrastruktur.

Stipendiatstillingar for kunstnarisk utviklingsarbeid

Nasjonalt råd for kunstnarisk utviklingsarbeid har gjennomført ei undersøking som viser at ressursfordeling mellom fagtilsette som er tilsett på grunnlag av kunstnarisk kompetanse, som utviklar sine fag gjennom kunstnarisk utviklingsarbeid, har vesentleg dårlegare rammevilkår for å sikre fagutviklinga enn tilsette som utviklar sine fag gjennom forskning. Vilkåra for å løfte fagfelte innan KHiOs fagområde har såleis langt dårlegare rammevilkår enn andre institusjonar i sektoren. KHiO har 3 rekrutteringsstillingar, medan andre vitskaplege høgskolar har minst 17 stillingar. KHiO ber difor å få finansierte ytterlegare 12 stipendiatstillingar gjennom ein opptrappingsplan over tre år.

Infrastruktur og campusutvikling

KHiO har arbeidd med ei langsiktig plan for campusutvikling med tanke på utstyr og bygningsmasse. Verkstader bør utviklast for å støtte meir forskingsaktivitet og opnast for studentar på tvers av studieprogram. Scenene utgjør 60 % av det totale arealet og bør fornyast for å få til ein meir effektiv bruk. Det er behov for større endringar i infrastruktur og investeringar i nytt utstyr som kjem i tillegg til det omfattande vedlikehaldsbehovet knytt til dei investeringane som blei gjort ved innflyttinga i dagens lokale.

Det er behov for modernisering av verkstader for å møte nye hms-krav, skifte ut lysutstyr og bygge om både verkstader og scener for betre å tilrettelegge for ein fleksibel bruk og å understøtte forskinga. Etter femten års drift er bygget prega av slitasje og det er eit stort etterslep på vedlikehald av dører, noko som igjen fører til sikkerheitsutfordringar i forhold til adgangs-kontroll, brann og rømming.

Grønt skifte

Utvikling av bærekraft i kunstsektoren er avgjerande for Kunsthøgskolen i åra framover. Kunstfagas kompetanseområde og tverrfaglegheit er relevant og må bidra inn i ein større samanheng i møtet med framtidens utfordringar. KHiO ønskjer å implementere bærekraftige løysingar både for praktiske, tekniske og faglege problemstillingar. Vi er spesielt opptekne av korleis bærekraft kan gjennomsyre idear og energi- og materialbruk, strategiar for kunstnarisk og kritisk tenking og ulike samarbeidsformer.

Eitt tiltak er å setje i gang prosessar, som ved å gje støtte til studentar som reiser miljøvenleg i samband med utveksling. Dette er eit tiltak som også Erasmus-programmet tek i bruk frå 2021.



Commedia dell'arte med 2. år skodespelarfag, Teaterhøgskolen

I plan for campusutvikling og utvikling av skolens verkstader og scener skal det takast omsyn til det grønne skiftet. I samband med fornying av det teknisk utstyr må nytt lysutstyr være basert på led-teknologi i tråd med dagens miljøkrav. Også nye krav til kjemikaliar og plastmaterialar må etterlevast.


Den økonomiske situasjonen - verknader av abe-reformen

Kunsthøgskolen er i 2020 tildelt ei løyving på 368,291 mill. kroner over kap. 260, post 50. I tillegg har Kunnskapsdepartementet tildelt 5,0 mill. kroner over kap. 275, post 45 til å fornye utstyr knytt til verkstader og scener.

Fråtrekket for avbyråkratisering og effektivisering (abe) er på 1,802 mill. kr og kjem i tillegg til tidlegare års fråtrekk, slik at samla budsjettkutt utgjør til saman 11,073 mill. kr.

Fradrag for effektivisering og avbyråkratisering 2015-2020

Tabell: Effektivisering og avbyråkratisering 2015-2020



Verknaden av dei økonomiske kutt har over tid blitt omfattande. Etersom husleige og løn utgjør størsteparten av kostnadene, rammar budsjettkutta det faglege tilbodet og på den administrative evna til å få til utvikling. Eit anna viktig forhold er manglande finansiering av stipendiatstillingane får å likestille KHiO med andre universitet og høgskolar. Styret vil vurdere framtidig arealbruk og økonomisk handlingsrom.

VI.

Årsrekneskap
2019

Ledelseskomentarer til årsregnskapet 2019

Institusjonens formål

Kunsthøgskolen i Oslo er underlagt Kunnskapsdepartementet, og hovedformålet er utdanning, kunstnerisk utviklingsarbeid, forskning og formidling.

Kunsthøgskolens visjon er å være ledende innen utdanning av skapende og utøvende kunstnere og designere. Kunsthøgskolen skal både være en arena for nytenking og forvaltning av fagtradisjoner, og bidra til fremtidens kunnskaps- og samfunnsutvikling. Internasjonalt samarbeid skal være en forutsetning for kvalitet både i utdanningen og i forskningen.

Kunsthøgskolen i Oslo har status som vitenskapelig høyskole.

Bekreftelse

Kunsthøgskolen i Oslo bekrefter at årsregnskapet for 2019 gir et dekkende bilde, og er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, de statlige regnskapsstandardene (SRS), rundskriv fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet. Det er ingen vesentlige usikkerhetsmomenter knyttet til regnskapet.

Vurdering av Kunsthøgskolens drift i 2019

Inntekter

Sum driftsinntekter utgjør 374,317 mill. kroner i 2019. Dette er en økning på 11,360 mill. kroner, eller 3,13 %. Inntekter fra bevilgninger utgjør 364,875 mill. kroner.

Kostnader

Årets driftskostnader utgjør totalt 370,111 mill. kroner. Det er på samme nivå som driftskostnadene for 2018.

Lønnskostnadene har en økning på i underkant av 1 % fra 2018 til 2019. Andre driftskostnader gikk ned med 1,3 % fra 2018 til 2019.

Kostnadene til avskrivning av varige driftsmidler er på om lag samme nivå som for 2018.

Resultat

Kunsthøgskolen har et positivt driftsresultat på 4,175 mill. kroner. Dette er en bedring fra 2018 på 11,952 mill. kroner. Pr. 31.12.2019 er det avsatt 18,187. mill kroner til utsatt virksomhet, andre formål inkl. avsetninger til investeringer.

Vesentlige avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatregnskap

Da Kunsthøgskolens inntekter i hovedsak består av inntekt fra bevilgninger, er det ingen vesentlige avvik mellom budsjetterte og regnskapsførte inntekter.

De regnskapsførte lønnskostnadene ligger under budsjett med ca. 0,374 mill. kroner. Avviket består av en kombinasjon av mer- og mindreforbruk blant budsjettstedene.

Andre driftskostnader har et positivt avvik på 3,010 mill. kroner. Mindreforbruk på husleie og energikostnader utgjør 0,649 mill. kroner. Fellesadministrasjonen, inkl. doktorgradsprogram og KUF-midler, har et mindreforbruk på 1,155 mill. kroner, og avdelingene på 1,140 mill. kroner. Det er hovedsakelig utsatt virksomhet som er årsak til mindreforbruket.

Utviklingen i avsatt andel av tilskudd til bevilgningsfinansiert virksomhet

Per 31.12.2019 utgjør avsatt andel av tilskudd til bevilgningsfinansiert virksomhet 18,187 mill. kroner. Av dette er 6,897 mill. kroner avsatt til KUF-prosjekter, stipendiatprosjektmidler og prosjektprogrammet. Avsetninger til investeringer utgjør 5,710 mill. kroner og avsetninger i fellesadministrasjonen og avdelingene 5,5 mill. kroner.

Økning i avsatt andel av tilskudd til bevilgningsfinansiert virksomhet fra 2018 til 2019 utgjør 4,175 mill. kroner. Avsatt andel midler til stipendiater og prosjektprogrammet har gått ned 0,765 i forhold til 2018. Andre avsetninger har gått opp med 4,941 mill. kroner.

Gjennomførte investeringer i perioden og planlagte investeringer i senere perioder

Kunsthøgskolen har i de senere år foretatt avsetning av midler til investeringer for å erstatte og skifte ut maskiner, utstyr og inventar. For 2019 er det satt av 9,183 mill. kroner til dette formålet. Per 31.12.2019 er det brukt ca. 3,473 mill. kroner av avsetningen på 9,183 mill. kroner.

Balanseført verdi av varige driftsmidler er 39,875 mill. kroner per 31.12.2019. Det er gjennomført investeringer for 3,424 mill. kroner. Dette inkluderer investeringer gjort i henhold til plan for bruk av avsatte midler. Det er planlagt investeringer til utskifting av maskiner, utstyr mv. tilknyttet verkstedene og sceneteknisk virksomhet, ombygging av lokaler og IKT infrastruktur i størrelsesordenen 3-5 mill. kroner i kommende år. Investeringer knyttet til lokaler er en del av vårt igangsatte arbeid med campusutvikling og utnyttelse av arealene våre.

Revisjon

Regnskapet for Kunsthøgskolen i Oslo revideres av Riksrevisjonen.

Oslo, 10. mars 2020


Måns Wränge
rektor/styreleder

Tiril Schrøder
faglig representant

Heidi Haraldsen
faglig representant

Christina Lindgren
vara faglig representant

Trond Kasper Mikkelsen
teknisk-administrativ repr.

Guðmundur Helgi Arnarson
studentrepresentant

Lea Basch Opheim
studentrepresentant

Morten Gjeltén
ekstern representant

Gunn Elin Bjørneboe
ekstern representant

Anna Lindal
ekstern representant

Per Magnus Finnanger Sandsmark
ekstern representant

Oppstilling av bevilgningsrapportering

Beløp i 1000 kroner

Del I

Samlet utbetaling i henhold til tildelingsbrev

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet utbetaling
260	Universiteter og høyskoler	50	Statlige universiteter og høyskoler	359 511
280	Felles enheter	01	Driftsutgifter	0
280	Felles enheter	21	Spesielle driftsutgifter	0
280	Felles enheter	50	Senter for internasjonalisering av utdanning	0
280	Felles enheter	51	Drift av nasjonale fellesoppgaver	0
281	Felles utgifter for universiteter og høyskoler	01	Driftsutgifter, kan nyttes under post 70	0
281	Felles utgifter for universiteter og høyskoler	45	Større utstyrsanskaffelser, kan overføres	0
281	Felles utgifter for universiteter og høyskoler	70	Andre overføringer, kan nyttes under post 01	0
Sum på kapitler og poster under programkategori 07.60 Høyere utdanning og fagskoler				359 511
2xx	Formålet/virksomheten			0
2xx	Formålet/virksomheten			0
2xx	Formålet/virksomheten			0
Samlet sum på kapitler og poster under programområde 07 Kunnskapsdepartementet				359 511
xxxx	Formålet/virksomheten	xx		0
xxxx	Formålet/virksomheten	xx		0
Sum utbetalinger på andre kapitler og poster i statsbudsjettet				0
Sum utbetalinger i alt				359 511

Del II

Beholdninger rapportert i likvidrapport ¹⁾	Note	Regnskap 31.12.2019
Oppgjørskonto i Norges Bank		
Inngående saldo på oppgjørskonto i Norges Bank	17	47 254
Endringer i perioden (+/-)		2 377
Sum utgående saldo oppgjørskonto i Norges Bank	17	49 631
Øvrige bankkonti Norges Bank²⁾		
Inngående saldo på i øvrige bankkonti i Norges Bank	17	0
Endringer i perioden (+/-)		0
Sum utgående saldo øvrige bankkonti i Norges Bank	17	0

Del II

Beholdninger på konti i kapitalregnskapet

Konto	Tekst	Note	31.12.2019	31.12.2018	Endring
6001/8202xx	Oppgjørskonto i Norges Bank	17	49 631	47 254	2 377
628002	Leieboerinnskudd	11	0	0	0
6402xx/8102xx	Gaver og gaveforsterkninger		0	0	0

¹⁾ Dersom virksomheten disponerer flere oppgjørskontoer i Norges Bank enn den ordinære driftskontoen, skal også disse beholdningene spesifiseres med inngående saldo, endring i perioden og utgående saldo. Slike beholdninger skal også inngå i oversikten over beholdninger rapportert til kapitalregnskapet. Vesentlige beløp spesifiseres særskilt nedenfor.

